

Hovedhuset og Hovednøstet:

# Største restaureringsprosjekt siden åpningen i 1991

side 24–28



## Stiftelsen Fjelberg Prestegard *Årsberetning 2018*

### Et merkeår for Prestegården:

- Nominert til Europa Nostra Award, 2018
- Tydelig markert på Det Europeiske Året for Kulturarv, 2018




Kulturarvarrangementet 17. juni 2018 samlet over 120 deltagere

se side 8–13



**Vannboring:** Ny boring etter vann ved de store trykkvannstankene 16. oktober. Kostnad kr. 73.155, betalt i 2018.

**Besiktigelse:** 10. april var Fylkeskommunen på restaureringsbesiktigelse. I annen etasje i Bispestova er tømmerveggen presset ut. Fra venstre: Roar Landøy, Helene Moe og Sarah W. Lund.



**Egne arrangementer ga et netto-bidrag på kr. 88.325 i 2018.**

**1.9 millioner på 15 år !!**

Fjelberg prestegård – Arrangementer 15 år 2004–2018

År	Egne inntekter	Antall arr.	Lokale arr.	Seminarer/møter	Refugium	Besøkende	Overnattingsdøgn
2018	88.325	16	7	8	1	478	245
2017	160.430	29	21	5	3	573	387
2016	99.617	18	9	7	2	521	297
2015	143.646	21	13	7	1	547	472
2014	137.890	32	19	12	1	828	290
2013	104.906	28	19	6	3	485	346
2012	32.740	10	5	4	1	251	216
2011	119.201	25	12	8	5	486	444
2010	180.705	22	9	8	5	550	576
2009	92.070	20	10	5	5	586	376
2008	123.365	34	23	9	2	964	350
2007	167.173	29	17	10	2	1090	560
2006	130.304	23	12	7	4	646	379
2005	194.539	41	23	14	4	1326	699
2004	82.731	40	22	12	6	1112	574
<b>Gj.sn. 04–18</b>	<b>123.841</b>	<b>26</b>	<b>15</b>	<b>8</b>	<b>3</b>	<b>696</b>	<b>414</b>

## Nøkkeltall

Resultatregnskap 2018	2017	2016	
Driftsinntekter	924 380	474 930	524 158
Driftskostnader	655 247	612 656	491 619
Driftsresultat	269 133	- 137 726	32 539
Resultat av finansposter	3 809	3 955	4 470
Årsresultat	272 942	- 133 771	37 009
<b>Balanse</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
Anleggsmidler	1 233 925	1 161 380	1 161 380
Omløpsmidler	557 786	456 160	492 365
Eiendeler	1 791 711	1 617 540	1 653 745
Egenkapital	1 786 645	1 513 703	1 647 474
Kortsiktig gjeld	5 066	103 837	6 271
Gjeld og egenkapital	1 791 711	1 617 540	1 653 745

I 2018 hadde vi 245 overnattingsdøgn i prestegården og 478 besøkende. Hordaland Fylkeskommune ga i beretningsperioden et driftsbidrag på kr. 233.000. Bidraget fra Kvinnherad kommune ble økt fra 40.000 til 80.000 kroner.

*Bidraget fra egne arrangementer og leie utgjorde kr. 88.325 netto.*

Fylkeskommunen ga et tilskudd til restaurering av Hovedhuset og Hovednøstet på kr.360.000. Av tilsagnet for restaurering 2018 er kr.97.000 overført til 2019, videre er det gitt forhåndstilsagn på kr. 150.000 for 2019.

Sigvald Sjo har vært ansvarlig for restaureringene i inneværende år, en oppgave han har løst på en førsteklasses måte sammen med Jon og Even Landa.

Jorunn Landa ønsket å få avløsning med vaskejobben etter en «mannsalder. Hun fortjener stor takk for innsatsen. Heldigvis har hun veiledet Asta Kristin Sveinsdottir, som har videreført oppgavene. Vask av sengetøy, håndklær og duker er satt ut til den vernetede bedriften Podlen på Stord. Leif Hovden har vært engasjert til restaurerings- og løpende vedlikeholdsarbeider. Marianne Nordhus har klippet gresset. Even Landa er tilsynshavende for Stiftelsen. Truls Grung har fungert som daglig leder og restaureringsansvarlig.

## STYRETS ÅRSBERETNING 2018

### Virksomhetens art og sted

Stiftelsen Fjelberg Prestegård skal foreta istandsettelse og vedlikehold av bygningene på prestegården og administrere bruken av dem. Bygningene skal istandsettes i samarbeid med representanter for Riksantikvaren og Fylkeskonservatoren i Hordaland for å bli tatt vare på i fremtiden. Bygningene skal benyttes til kirkelige, vitenskapelige, kulturelle og sosiale formål, kurs- og konferansevirksomhet, samt arrangementer for lokalbefolkningen. Stiftelsen har sekretariat hos Fortidsminneforeningen, Klostergaten 28, 5005 Bergen.

### Fortsatt drift

Stiftelsen har foretatt planlagt restaurering og vedlikehold i 2018. Forutsetningen om fortsatt drift er til stede og lagt til grunn ved utarbeidelsen av årsregnskapet.

### Årsregnskapet

Regnskapet for 2018 er gjort opp med et overskudd på kr. 272 942,-. Styret anser både egenkapitalsituasjonen og likviditeten som tilfredsstillende.

### Arbeidsmiljø/likestilling

Styret anser arbeidsmiljøet for tilfredsstillende. Styret har tre mannlige og et kvinnelig medlem. Det har ikke vært ulykker eller sykefravær i stiftelsen i 2018.

### Ytre miljø

Stiftelsen har ingen virksomhet som påvirker det ytre miljø.

### Fremtidsutsikter

Stiftelsen vil fortsette sitt aktive engasjement for utvikling av samarbeidsrelasjoner med andre kulturinstitusjoner og lokale interessegrupper.

*I 2018 har styret bestått av Leif Kahrs Jæger (formann), Arne Sælen, Clara Hveem, Synnøve Solbakken og Marianne Nordhus. Petter Visted, Knut Ormhaug, Annemor Ekeland, Ingrid Handeland og Stig Arild Fosse som vararepresentanter.*



Grieg Foundation støttet med kr. 150.000 til dokumentasjon og restaurering.



Fylkeskommunen støttet med kr. 360.000 til restaurering og kr. 233.000 til drift.



# Skjærtorsdagstreffet

Samlet hele 65 deltagere

Vi måtte bære inn ekstra bord og stoler i gangen mellom stuen!



TORSDAG

29  
MARS

## Påsketreff

Tradisjonelt påsketreff i Prestegarden skjærtorsdag klokka 16.00. Prestegarden held kaffi, ta med kaker og godt humør! Velkommen til hyggeleg samtreff.





20 deltagere fra AktiMed Vest hadde ein koseleg samling i privat regi på prestegarden den siste helga i april.

Fjelberg og omegn synte seg frå sitt fagraste, bada i solskinn, då me besteig toppen av Borgundnuten lørdags føremiddagen. Både kusymre og kvitveis kikka opp på oss langs vegen opp frå butikken der nær 30 menn og kvinner fekk lov til å oppbevare bagasjen sin medan me var på tur.

Tilbake på prestegarden fekk me omvisnig av Truls Grung, som kunne fortelle mykje om lokalsamfunnet sin historie og bygningsmassen på prestegarden.

Johannes, Jorunn og John Landa stilte både med ved til grua og skyss tilbake til Utbjøa (for nokre laurdags kveld og for andre søndags føremiddag ) og gitar til vår lokale trubadur.

Laurdags kvelden vart det dekket til fest i stova der me fekk servert deilig tapas frå Dill AS.

Me var alle samde om at Fjelberg leverte denne helga! Tusen takk for at me fekk lov til å leige prestegarden!

*Gunn Mehus*



# SERDELES VELLUKKA MIMRELAG

(gode vener frå realskule og gymnas 1961–66)

## Deltakarar mimresamling

Arne Gjerde  
Johannes Hjelland  
Åshild Grov  
Inger Lise Collett Skar  
Harald Kaldestad  
Ivar Miljeteig  
Håvard Liset  
Tor Bjarne Tofte  
Sigbjørn Husø  
Jens Abotnes  
Sølvi (Bjellebø) Fosse  
Jostein Valen  
Arild Lilleeng  
Oddvar Rommetveit



*Det vart mykje mat og prat, men også turar på sjø og land. Lokalkjende personar som Sølvi, Ivar og Tor Bjarne bidrog med mykje god lokalkunnskap. Allsang, gode historiar, underhaldning og hesteskokasting var mellom anna på menyen.*




# Pinsestevnet 21. mai

*misjonsalliansen*   
www.misjonsalliansen.no




Barnedåp for Nora Garford Bjarke



Koret NORDSANG ledet  
av kantor Eva Megyesi

Fjelbergstemne  
for  
40.  
gang



Arr. samlet 92 deltagere.  
Gen.sekr. Andreas Andersen talte og  
prost Svein Arne Theodorsen var møteleiar



# Steinerskolens Botanikkuke

4.-11. JUNI

Samling  
for  
25.  
gang

Arkivverket satte Fjelberg prestegard på kartet i forbindelse med Det Europeiske året for Kulturarv 2018. Initiativet kom fra Marianne Herfindal Johannessen.

## Bli med oss på «Kulturarvtur» med veteranbåt til Fjelberg prestegard i Sunnhordland!



**Søndag 17. juni kl. 0900 reiser vi med M/S Vestgar til Fjelbergøy i vakre Sunnhordland**

**Pris kr. 300,- pr person**

- Turen fokuserer på kulturminner og kulturarv og det vil også være med ansatte fra Arkivverket og Fylkeskonservatoren
- Avreise fra Holbergkaien kl. 0900
- Turen går fra Bergen via Bekkjarvik og Nyleia på turen nedover og via Lukksund på returen til Bergen
- Kort stopp i Bekkjarvik i Austevoll
- To timers opphold på Fjelberg der det bl.a. blir innlegg ved:
  - Riksantikvar Jørn Holme og riksarkivar Inga Bolstad om Fjelberg prestegard og kilder til bygningshistorie
  - Omvisning Fjelberg kyrkje og prestegard
  - Salg av mat og drikke om bord i M/S Vestgar
- **Bindende påmelding innen 1. juni** til Marianne Herfindal Johannessen, epost: [mahe@arkivverket.no](mailto:mahe@arkivverket.no) eller telefon: **41 14 68 36**



Arrangementet er en del av Kulturarvåret 2018 og skjer i samarbeid mellom Arkivverket, Riksantikvaren, Hordaland fylkeskommune, Stiftelsen Fjelberg prestegard, Fjordabåtane (M/S Vestgar) og Åsane Historielag

**Kjøp av mat og drikke om bord i M/S «Vestgar»  
Velkommen!**



Det vart arrangert tur med den freda båten Vestgar frå Bergen til Fjelberg og tilbake.



Mange tok turen til det nasjonale arrangementet.

# Storfint besøk på Fjelberg

**Søndag vitja riksarkivar Inga Bolstad frå Arkivverket og riksantikvar Jørn Holme frå Riksantikvaren Fjelberg, i samband med det europeiske kulturåret 2018.**

Stiftinga Fjelberg prestegard opna dørene for omvising i prestegarden, ordførar Peder Sjo Slettebø var på plass og Fjelberg blåseband sytte for musikalske innslag. Det vart arrangert ein nasjonal kulturavtur med veteranbåten M/S «Vestgar» frå Holbergkaien i Bergen til Fjelberg prestegard. Toppleiarane frå dei to statlege etatane var også med på båturen.

– Det er ikkje kvar dag ein riksarkivar reiser med freda veteranbåt for å koma til ei lita øy på Vestlandet for å snakka om arkiv, sa riksarkivar Inga Bolstad under talen ho heldt på Fjelberg.

Dette var eit statleg arrangement, som Arkivverket, Riksantikvaren, Hordaland fylkeskommune v/fylkeskonservatoren, Stiftinga Fjelberg prestegard, Fjordabåtane og Åsane Historielag stod bak. Begge etatsjefane heldt innlegg om historia til Fjelberg prestegard og om kjelder til bygningshistorie.

– I gamle dagar var på mange måtar presten den viktigaste personen i bygda. Soknepresten følgde alle frå vogge til grav. Sidan presten også var formann i både skule- og fattigkommisjonen kom nært innpå livet til alle. Prestar var pålagde å føra kyrkjebøker, men skulle også syta for å halda resten av embetsarkiva sine i orden. Derfor har vi prestearkiv frå heile landet som også kan fortelja om bygningane på prestegarden, fortalde Bolstad.

## Informasjon i branntakstane

I prestearkivet frå Fjelberg ligg det to branntakstar. Den første frå 1852 omfattar berre hovudbygningen, bispestova, forpaktarbustaden og staburet. Det vert fortalt at hovudbygningen var måla med kvit oljemåling og hadde teglsteinstak. I storstova på prestegarden var det «blomstret Papirbetræk», eller blomstrete tapet som vi ville sagt i dag. Den neste branntaksten er frå 1875, og der for-

sikra dei også ein bygning som husa hestestall, sauefjøs og vognhus, og dessutan halvparten av eit kvernhus med fast inventar, eit privet (toalett) og ein vedskut (vedbu).

Det finst fleire andre kjelder som også kan fortelja mykje om prestegarden og livet der. Prestar skreiv kallsbøker, som var ei nedteikning av den informasjonen presten meinte var viktig. Den eldste kallsboka for Fjelberg er autorisert av biskop Jacob Neumann i 1828 og er ført fram til 1927. Der kan ein lesa om prestegjeldet, kyrkjene, prestegarden, prestane, folket, jordegodset i prestegjeldet, minne og segner.

## Fekk gåve

Mange gamle protokollar og dokument er skriven med gotisk handskrift. Det kan det vera vanskeleg å lesa i dag. I Arkivverket har dei derfor ein eigen seksjon for skriftforvaltning som er ekspertar på å lesa slik skrift. Cecilie Skauge Knoph har skriva av kallsboka for Fjelberg, og den vart no gjeve som gåve frå Arkivverket til Stiftinga Fjelberg prestegard.

– Vi håpar boka vil inspirera dykk til å innreia fleire rom etter nokre av prestane som har levd og virka her. Det er mange å velja mellom – alt frå presten Pintzbach som på 1620-talet hadde hang til både drukkenskap og slåsting i prestegarden – og som kyrkjelyden til slutt bad om å bli kvitt, til bondesonen Johannes Sjursen frå Hardanger som fekk bondene til å tru at han kunne svartekunstar og derfor oppførte seg heilt uklanderleg, eller den danske Erland Michelsen som kjøpte alle kyrkjene i prestegjeldet og gav bispestova den forma ho har i dag, fortalde Bolstad.

Riksarkivaren fortalde også kva kjelder Arkivverket skal digitalisera og gjera tilgjengelege i samband med Kulturåret 2018.

– At vi har slike arkiv er eit resultat av at samvitsfulle folk før oss har skapt arkiv og sytt for at dei er tekne vare på, slik at vi som lever i dag og dei som kjem etter oss kan bruka dei. Både kulturminne og arkivskattar er altså ei arv frå fortida som forpliktar oss i notida, slo Bolstad fast.



Truls Grung (t.h.) og Stifelsen Fjelberg prestegard hadde søndag besøk av riksantikvar Jørn Holme (t.v.) og riksarkivar Inga Bolstad. (Alle foto: Helen Daae Frøyseth/Arkivverket)



«Det er ikke hver dag en Riksarkivar reiser med fredet veteranbåt for å komme til en liten øy på Vestlandet for å snakke arkiv!»

Det er ikke hver dag en riksarkivar reiser med en fredet veteranbåt for å komme til en liten øy på Vestlandet for å snakke om arkiv. Det er også et uttrykk for at jeg ønsker at innholdet i arkivene skal nå ut til folk i hele landet – ikke at jeg skal reise over alt, men at allmennheten skal få vite om hvor viktig det er at Norge som samfunn har gode arkiver fra fortiden, men også fra nåtiden og i fremtiden.

Når jeg nå er her på en fredet prestegard passer det godt å være sammen med Jørn som er leder for en etat som vi har et godt samarbeid med. Våre to etater driver begge innen kulturvern, men på litt ulike måter. Mens riksantikvaren

arbeider med bygnings- og fartøyvern, har vi en mengde arkivskatter i arkivmagasinene våre som kan fortelle mer om de mange bygningene kulturvernere landet rundt er opptatt av. Arkivene forteller også om folkene som bodde i og brukte disse bygningene. Det at vi har slike arkiv er et resultat av at samvittighetsfulle folk før oss har skapt arkiv og sørget for at de er tatt vare på slik at vi som lever i dag og de som kommer etter oss kan bruke dem. Både kulturminner og arkivskatter er altså en arv fra fortiden som forplikter oss i nåtiden. Dette må vi huske på samtidig som vi også skal sikre dagens arkiver for neste generasjons arkivbrukere.

Det er viktig for oss i Arkivverket å synliggjøre Kulturarvåret

2018 i vår formidling. Samtidig ville vi gjøre noe som kan være til nytte og glede for folk i hele landet også etter at Kulturarvåret 2018 er ferdig. Mye av det vi regner som kulturarv er bygninger og de aller fleste har et forhold til et hus eller en annen bygning. Det er ikke alltid så enkelt å finne historien om akkurat denne bygningen, men i Arkivverket finnes det noen fantastiske kilder som kan bidra til bygningshistorie.

#### Brannfare

Faren for å miste store verdier i brann har alltid vært et problem. Hvis man mister hus og hjem i en brann og ikke har forsikringen i orden risikerer man å stå på bar bakke. Brannforsikring der mange huseiere betalte inn bidrag til en felles kasse til hjelp for den som var så uheldig å rammes av brann var en ordning som ble opprettet i England og Tyskland på slutten av 1600-tallet. Etter den store brannen i København i 1728 opprettet Danmark en brannforsikringskasse i 1731. Norge fikk en brannkasse i Norge i 1767–som senere fikk navnet Norges Brannkasse. I byene ble det påbudt å brannforsikre bygninger fra 1767 av, men i landdistriktene ble ikke dette vanlig før etter 1846. Det var fordi Norges brannkasse i 1846



Alle bilder: Arkivverket.



laget en alminnelig brannforsikringsordning for hver kommune i hele landet.

#### Lensmennene

Det var lensmennene som ble pålagt å være branntakstbestyrer for Norges brannkasse fra 1846 og frem til 1955. De førte inn branntakstene i egne branntakstprotokoller. Disse branntakstene beskriver bygningene som skulle forsikres i detalj. Vi får vite om antall etasjer, høyde og bredde, bygningsmåte, om det var teglstein eller heller på taket, antall dører og vinduer, trapper, ovner og skorsteiner. Vi kan også få vite litt om interiøret i bygningene.

#### Branntakstprotokoller i Digitalarkivet

Digitalarkivet er Arkivverkets publiseringskanal for skannet og søkbart arkivmateriale. I anledning av Kulturårvåret skal vi skanne alle

branntakstprotokollene som finnes i Arkivverket – det vil si fra hele landet - og legge dem ut i Digitalarkivet. Dette gjør vi for at det skal bli lettere for alle som er opptatt av kulturvern og bygningsvern å finne gode kilder til bygningshistorie.

**Fjelberg prestegard og branntakst**  
Den første bevarte branntakstprotokollen for Fjelberg starter

dessverre ikke før i 1897. Vi har vært i kontakt med lensmannen i Kvinnherad, men der var ikke disse protokollene. Det er ikke sikkert at de er gått tapt. Tidligere denne uken kunne vi lese i media at den eldste branntakstprotokollen fra Høvåg ved Kristiansand ble funnet i et privathus. Denne protokollen var fra 1846 og ble innlevert til Statsarkivet i Kristiansand. Vi håper noen finner den eldste





Ordfører Peder Sjo Slettebø tok i mot gjestene på rød løper

branntakstprotokollen for Fjelberg også og overlater den til oss.

#### Arkivet etter soknepresten i Fjelberg

Det er likevel ikke slik at vi ikke har informasjon om Fjelberg prestegard i arkivene våre før 1897. I gamle dager var det på mange måter presten som var den viktigste personene på landsbygda. Soknepresten fulgte alle i sin menighet fra vugge til grav. Siden presten også var formann i både skole- og fattigkommisjon kom han alle nært inn på livet. Som embetsmenn var prestene pålagt å føre kirkebøker, men de skulle også sørge for å holde resten av embetsarkivene sine i orden. Derfor har vi prestearkiv fra hele landet som også kan fortelle om bygningene på prestegarden.

#### Branntakster fra Fjelberg

I prestearkivet ligger det to branntakster. Den første branntaksten fra Fjelberg prestegard er fra 1852 og var bestilt av prost Koren. Branntaksten omfattet da bare Hovedbygningen, Bispestuen, forpakterboligen og staburet. Da fortelles det at hovedbygningen var malt med hvit oljemaling og at den hadde teglsteinstak. I storstuen på prestegarden var det «blomstret Papirbetræk» eller blomstret tapet som vi ville sagt. Den neste branntaksten for Fjelberg prestegard var i 1875 og da forsikret de også en bygning som huset hestestall, sauefjøs og vognhus. Dessuten halvparten av et kvernhus med fast inventar, et privet (toalett) og en vedskut (vedbod). Senere kommer det flere branntakster, men

siden vi er på en prestegard har vi andre kilder som kan fortelle mye om prestegarden og livet her.

#### Kallsbok fra Fjelberg

Både Fjelberg kirke og Fjelberg prestegard for lengst er fredet av Jørn Holmes etat. Det betyr ikke at hele historien om disse bygningene og det som har skjedd her er kjent. I alle prestearkiv finnes det en eller flere kallsbøker. Dette er prestegjeldets egen «historiebok» der prest etter prest har skrevet inn de opplysningene som regnes som viktig og nyttig for prestegjeldet. Den eldste kallsboken fra Fjelberg er autorisert av biskop Jacob Neumann i 1828 og er ført frem til 1927. Den inneholder informasjon om prestegjeldet, kirkene, prestegarden, prestene, befolkningen, prestegjeldets jor-

degods, minner og sagn. I praksis er her informasjon tilbake til 1500-tallet om prestene og om bygningene på prestegarden tilbake til begynnelsen av 1700-tallet. Om bygningene på Fjelberg prestegard kan vi for eksempel lese at kvernhuset lå på nordsiden av Fjelbergøya ved Prestegardsvatnets utløp i sjøen og at det var kjøpt fra gårdbruker Ole Nordhus. Hovedhuset som ble satt opp i 1818 til erstatning for 2 gamle, uhyggelige stuer som sto her tidligere. Våren 1891 ble det innlagt springvann i hovedhuset, og at en borgstue ble solgt og flyttet bort i 1870.

### Gave til stiftelsen Fjelberg prestegard

Mange av de gamle dokumentene og protokollene vi oppbevarer er skrevet med gotisk håndskrift. Akkurat som det kan være vanskelig å lese vanlig håndskrift i dag, er det enda vanskeligere å lese gotisk håndskrift. I Arkivverket har vi derfor en egen seksjon for skriftforvaltning som er eksperter på å lese slik skrift. Cecilie Skauge Knoph har skrevet av kallsboken for Fjelberg slik at jeg på vegne av Arkivverket kan gi den som gave til Stiftelsen Fjelberg prestegard.



Konstituert fylkeskonservator David Aasen Sandved (i blåstripet genser) på full fart over den røde løperen



Fjelberg Blåeband spilte ved ankomst og avgang.

Vi vet at stiftelsen Fjelberg prestegard har innredet tre rom etter tre av prestene her. Vi håper at dere i kallsboken også vil finne inspirasjon til å innrede flere rom etter noen av de andre prestene som har levd og virket her på


Fjelberg. Det er mange å velge mellom – alt fra presten Pintzbach som på 1620-tallet hadde hang til både drukkenskap og slåssing i prestegarden – og som menigheten til sist ba om å få bli kvitt, bonde-sønnen Johannes Sjursen fra Hardanger som fikk bøndene til å tro at han kunne svartekunster og derfor oppførte seg helt uklanderlig, eller den danske Erland Michelsen som kjøpte alle kirkene i prestegjeldet og gav bispestuen den formen den har i dag.

Nå gleder jeg meg til å få se nærmere på bygningene her på Fjelberg prestegard!

(Alle bilder: Arkivverket.)



## Sogneprest Sverre Aarseth: Dagbok og inntrykk frå krigen



Utsnitt av kallsboka for Fjelberg 1903-1985. Her forteller sogneprest Sverre Aarseth – på oppfordring fra prosten – om hendelsene i Fjelberg under Andre verdenskrig. Blant annet forteller han om bombeflyene som passerte i april dagene 1940 mens han besøkte Ølen kirke som da var under oppussing.


Det rådde desember 1939 og utetter nyår 1940 stor spenning om Finlandskrigen ville føra oss med seg ut i krig. Eg minte alt nyår om at 1940 vart eit mykje færligare år for oss enn 1905 hadde vore. Folk var hjelpsame med innsamlinga til Finland. I Eid var innsamling alt før jul som gav 700 kroner. Elles var lister på rundgang, her i Fjelberg var truleg samla inn kring 500 kr.

Spenninga auka ettersom månadene skreid, om dei allierte ville dra gjennom landet vårt og såleis trekka oss inn, men etter freden i Moskva vart folk roligere. Likeså stilna sjøkrigen. Sondag 7. april preika eg i Ølen om ettermiddagen i Bjoa, surt vær og stiv syddlig kuling. Måndag 8. april vart meldt at ein krigsflåte var på veg frå Tyskland til Norge. 90-100 båtar – og kva skulle dei her? Kl. 10 vart meldt i radio at transportskip var senkte, og at mengden av utmatta tyskarar var berga i land nær Kristiansand. Me la oss under sterk spenning, det var ei mørk-svart natt, me ottast det verste!

Tidleg neste morgon reiste eg til Ølen for å sjå til kyrkjarbeidet der og restaureringa av kyrkja. Då eg kom dit, fekk me alt høyra at tyske troppar var sette i land fleire stader, og etterkvart at mobilisering var utsendt. Eg var i gravferd i Berge og der fekk me snart vita meir og meir i radio. I denne gravferd 9/4 tala eg over ordet: «Er Gud for oss, kven er då imot oss». Det viste seg seinare at folk hadde bite merke i desse ordi. Dystert virka det at Oslo var under tysk kommando alt på ettermiddagen, sårt var det å høyra om norsk forrederi og for??ning Folk tok imot meldinga om Quisling si svik-regjering nærmast med hånflir. Om kvelden kom nærare ordre om mobilisering og folk tok det med stille smerte. Det var svært mørkt for norske soldater å ta til no etter at dei sterkaste militære støttepunkt var falle.

Det reiste på lag 60 mann her frå prestegjeldet. Mange var nervøse, mange tok det roleg og sterkt. Spenninga var stor dei første dagane om England ville holda det dei lova om hjelpa. Eg spurde ein mann frå Lunde kor lenge me skulle verta under tyskarane, når me hadde vore under Danmark i 400 år. Fire veker svara han, senare retta han det til fire år.

Då me arbeidde med opp-pussinga av Ølen kyrkje, for bombefly 10/4 over hovudet på oss i låg høyde, på inspeksjon. Seinare flaug dei i større høyer, og dagstødt for her 10-15-20 fly, dei var på tur til andre deler av landet med bombelasten sin. Spenninga var stor om også desse distrikter skulle bli «besatt av tyskerne». Det svirra alle slagts rykte, om store nederlag for desse. Eg rodde ein tur til kvar kyrkje då det var strengt forbod mot å nytta motorbåtar meir enn høgst nødvendig. Sondag 14 april preika eg i Halsenøy-kyrkje over dagens ev. Johs 14.11. Lat ikke hjarta Dykkar uroast, tru på Gud og tru på Kristus. «Optimisme», sa folk. Kyrkjesøkningen auka sterkt i desse dagar, og folk var oppskræmde. Eg tala ut frå eit optimistsk syn på Guds styring, men pessimistisk syn når det gjeldt menneskeleg styring og stell. Den



*Parti fra Ølen. Under krigsårene var Ølen annekskirke under Fjelberg, og sogneprest Aarseth tok turen fra Fjelberg til Ølen i båt. Siden det var mangel på bensin under krigen, hendte det at han tok turen til rors. Aarseth forteller også at tyske feltprester flere ganger leide Ølen kirke til gudstjeneste, og at disse holdt nattverd der både på katolsk og luthersk vis.*

*Kilde: KK-postkortsamlingen, Marcus,*

nye klokkaren vår i Fjelberg, Kallekleiv var innkalla som soldat, likeso ein av organistane, Rotvoll i Bjoa.

I Ølen var spenningen stor, avdi kommandanten for tyskarane i Haugesund hadde møte søndag 28. april med kapteinen for dei norske soldatar i Etne, og kravde at desse skulle gjera seg yver, levera ut alle våpen og leggja ned all motstand. Det hadde i veka før vore skote på tyske soldatar oppe ved Fikse, ein drepen og ein sterkt såra. Tyskarane trua med å svi av bebyggelsen, dei sa seg viljuge til først å demonstrera sine bombefly t. d. kasta ned ei bombe i Ølen, men distriktslækjar Trondsen som var tolk og heldt hus for parlamenteringane rådde sterkt ifrå slike midlar. Etter eit par dagar gav dei norske etter. Det var mykje friviljugt mannskap oppe i Etne, men dei hadde ammunisjon berre for ein dag.

Under desse forhandlingae evakuerte folket ved Ølensjøen. I det fine sumarværet som rådde heile denne tid og til langt frem i juni månad, flytte storparten av folket ved Ølensjøen ut med alt dei kunne samla med seg. Opp i heiene bar det, ut til meir avsides gardar, og iallfall eit stykke ut i utmarka. Etter at faren var avblåst, kom folk snart inn i dei gamle spor.

No var snart det meste av det sydlege Noreg okkupert, og dei mobiliserte soldatane var etterkvart tekne til fange. Herfrå hadde soldatane iser teke del i slag og trefningar ved Voss og dei fleste var komne med ved dei harde trefningane i Valdres. Det var stor spenning rundt i heimane for dei einskilde soldatane. Men det viste seg at alle kom uskadde heim til Ølen

og Fjelberg. Da kommunikasjonar, postgang og meldingar var heilt upålitande i desse dagar, gjekk det delvis lang tid før ein fekk høyra noko.

Folk hadde i denne tid vore hjelpsame til det ytste. No kom den tid då dei militære interesser fekk vika for dei store, vitale spørsmål om mat og klæde. Det vart ei tid då alle som kunne «hamstra», kjøpte opp det dei kunne.

Etter kvart vart det ei stuttare avspenning i forholdet til tyskarane. Folk gjekk i gang med å handla med dei. Tyskarane bygde hausten 1940 ein del brakker tett ved Ølen kyrkja, medan det eine kompani soldatar etter det andre vart innkvartert ikring Ølensjøen. Tyske feltprestar leigde flerie gonger Ølen kyrkje til gudsteneste, og det var fleire gonger nattverd for soldatar, både ved katolsk og luthersk prest. Både handelsmenn og bønder i Ølen var svære til å by frem varene sine til tyskarane, men ikkje alle likte denne trafikken.

Etter ymse meldingar ottast me at dei framande ville røva kyrkjeklokkane frå oss. Eg sytte då for at dei eldste klokkane, både i Ølen og i Fjelberg vart vekk-gøymde, likeså ei lysekruna frå Ølen. Det vart likevel ikkje spørsmål etter dei.

Då tyskarane i aug. 1941, kravde innlevert alle radioapparat, laut eg kamuflera eit gammalt apparat så godt eg kunne og levera det inn i ein kasse, medan eg tok vare på mitt eige apparat. Dette gøymde eg i eit mørkehol på akvivromet inn for kontoret, og frå denne måten hadde me apparat under heile krigen her i huset, og det vart etterkvart eit kjempearbeid å publisera nyheter og meldingar til alle sokn, til slike som sjølv ikkje hadde apparat. Delvis måtte eg også sende slike meldingar frå London til andre kantar av bispedømet. Dette vart kjærst stoff i den forferdelege mørketid, og det var vel ikkje ein dag under krigen utan at det vart lytta inne på «kontoret» av ein eller annan. I dei siste år av krigen hadde eg inntrykk av at her vart stadig fleire som fikk apparat «illegalt».

I april 1941 var her tre tyske underoffiserar som kom og budde i prestegarden. Dei var politisoldatar og skulle sjå igjennom kyrkjebøkene, om her skulle vera tyske familier i bygdene. Utbyttet vart magert, men det var lett å merka at det var heil og sæl truande nasistar, og dei opplysningane dei gav, var ikkje til å lita på. Etter tre veker reiste dei, og me fekk straks bispevisitasen 1941, der biskop Fleischer gjorde eit

sterkt og mandig inntrykk, enno dette vel var dei mørkaste tider under heile krigen, internasjonalt set. Biskopen var såleis her i prestegarden då meldinga om at også Kreta var teken luftvegen, kom inn.

Elles kan ein nemna at biskopane sitt hyrdebrev kom hit i to ekspl. februar 1941. Dei vart opplesne i et par kyrkjer, men snart kom lensmannen med bod fra «sjølvaste Teboven» at dei skulle leverast inn. Et uttala då det ynskje til lensmannen at Terboven snart måtte «reisa til Bloksberg» der han var komen frå. Deretter let eg lensmannen få det eine ekspl. og heldt på det andre.

Til august 1941 hadde folk vanleg lytta på London. I eit bryllup i Sæbø t. d. vart radioen sett på under nyhetene og heile det store fylgjet lytta andek-tig til London og gav sitt sterke bifall.

Etter aug. 1941 då radio-apparati vart tekne, vart preikestolen den einaste frie talarstad i landet. Dette gav stort ansvar. Eg la difor alltid inn ei sterk nasjo-nal åra i forkynningi, og frå no av var preikesunda-gane også agitasjonsdagar for den norske lina, fri-dom og rettferd – meir enn før. London radio gav alltid nye tips.

Ølen bedehus vart teke som Soldaterheimat, med tilslutning fra ordføraren, men under offentlig pro- test frå preikestolen.

Veid ei tysk feltgudsteneste i Ølen kyrkje, fekk eg tak på den nasistiske songboka, og studerte denne av alle krefter, inntil ein tysk offiser kom og tok den frå meg.

Elles vart det vanskeleg med skyssforhold, lite olje men været var mykje bra om vintrane, så eg greidde meg lenge med robåt. Over til Halsnøy var vanleg med robåt frå Breivik, eg rodde også ofte frå Sæbø til Bjora, ja sjølv inn til Ølen. Heldigvis hadde eg ein liten motorbåt, som eg gjekk med, og hadde mang- foldige turar med den. Likeså var Aksel Arnevik, Fjelberg, flink til å ta ein skyss i et knipetak. Då kri- gen tok til, hadde eg skaffa meg eit oljelager på 800 liter, og det kom vel med. På ein tur til Ølen, framom festningen på Dregarnes, vart eg ute for at tyskarane skaut etter båten med skarpt, så sjøen spurtt fram for baugen. Det var for å få meg til å koma opp til festningen. I denne tid var det også ei plaga med pas- visitasjon. Eg skaffa meg likvel aldri det lovsette og påbodne pass, og det gjekk nokolunne bra.

I 1942 tok kyrkjekampen til for alvor, først bi-

spane si embetsnedleggjing, som gav eit sterkt varsku om ålvor for den indre front, dernæst tvangssoppse- dinga. Det vart tillyst foreldremøte i Halsnøy 1. mars, visstnok det første i landet i sitt slag, og protest sei- nare i dei andre kyrkjene. Det vart sent to protestte- legram frå Halsnøy-møtet inn til Kyrkjedepartemen- tet. Eg venta då spent på om politiet ville

gripa inn. Men det vart så mange slike møte alle stader i den fylgjande tid.

Påskedag den 5. april, medan eg sat og fekk fru- kost kl 10 1/2 kom ein kurer, sonen av lærar Sydnes, Førde, med motorbåt og gav meg det kjente skrift om Krikens grunn, med rett og slett «ordre» til å leggja embetet ned, og lesa skriftet opp i kyrkja.

Det var stutt tid til å lesa det igjenom, enn sei bu seg på konsekvensane. Eg las det halvt igjenom ved kaffien, og resten rakk eg ikkje før ved alteret. Det gjorde likvel sterkt inntrykk å høyra om alle arres- terterte og avsette prestar, og eg fann det rettast både å lesa skriftet opp, og uttala at eg la embetet ned for å virka privat og fritt som prest. Det vekte stor undring og folk spurde om me hadde lov til å lesa sovore.

Om ettermiddagen var det preik på Bjoa, og an- nendag i Eid, der det vart lese opp. Til Ølen reiste eg tredje påskedag og las skriftet opp i soknerådet.

Den niande april kom så telegrammet frå Quis- ling om at dette var opprør. Då «heradstinget» 10 mann, hadde møte denne dagen var eg oppom der og las telegrammet opp, det kunne verta konsekvensar dersom prestane no vart forviste. Heradstinget som ikkje var n. s. folk meinte det var best å varsku fylkes- mannen om dette! Eg fekk likvel mobilisert ein del menn til å fylgja til Stord, der eit rådslagningsmøte for Sunnhordland vart halden 11. april. På denne vis vart bygdefolket kjent med kva som gjekk fyre seg, og eg fikk mange oppmuntrande råd. Personleg sa eg at ingen måtte godviljug finna på å skyssa oss vekk, der- som det vart kravt. Me fekk freista halda skansen så lenge som råd var, Johs. 10.12.

Den 12. april var tillyst gudsteneste i Valen skule. Då det ville koma svært mykje folk, fann eg at me ville vera i forsamlingshuset, og slik gjekk det til at dette rommelege lokale vart «innvigt» til kyrkjebruk, og har seinare gjort teneste slik.

Det viste seg etter kvart at sokneråd og kyrkjely- dar var sers hjelpsame i denne tidi. Men det gjaldt å ha ein sterk tru det såg så ymist ut med krigslukka.



*Møllergata 19 hvor sogneprest Aarseth satt helt under slutten av krigen. Bygget ble opprinnelig oppført i 1866 som hovedpolitistasjon. Kilde: KK-klassisk samling, Marcus, UiB.*

Tyskarane var stendig på mars fram, og det var alltid ein mindre del av folket som heldt seg til den kanten. Men i Fjelberg herad var berre tri – fire som gjekk inn i N.S. I Fjelberg og i Bjoa sokner var det ingen.

Då lærarane våren 1942 fekk «brenselsferie» freista soknerådet i Bjoa og Fjelberg å halda privat skule. På Bjoa gjekk det best.

Sumaren 1943 tok me imot ein flyktning som hadde rømt fra fem gestapistar. Han fekk pleie her på prestegarden og var sidan hjå bror min på Nordhus, så han kom seg – og i november s. år reiste han – Dag Skjørestad – ilag med Rolv Nordhus til England, og kom der inn i kompani Linge, som sabotør.

Sumaren 1944 fekk eg spursmål frå heimefronten om eg ville vera tillitsmann for ein sendarstasjon som skulle vera ytst ute i prestemarka, og derfrå rapportera alle konvoiar og større tyske skip som passerte lenger ute i fjorden. Den skulle stå i samband med ein liknande stasjon i Bergen og Stavanger. Avtale om dette vart gjeve til ein «agent», som reiste attende til England. Eg var klår over at dette var ein så alvorleg art spionasje at om det kom opp ville det vera dødsstraff.

Til avtalt tid kom det så to mann (Dei var komne i fallskjerm, og var landa i Berkreim, tok derfrå skipet hit) hit til prestegarden, med sendarar, våpen, og andre raritetar. Dei skulle liggja i telt i skogen, og hadde også sovepose o. l. med. Dei vart stasjonerte, og eg fekk ei andsam tid med motorbåten min med

ærend både hit og dit. No måtte eg også til å redusera på dei sterke uttrykk i preikene mine, for å ikkje risikera inngrep av den grunn.

Midt i september månad vart det uro, ymse meldingar tyda på at det var fåre i marka, me fekk og ei særmelding frå London om å vera «ytterst forsiktige».

I den største hast vart stasjonen rigga ned, og pakka om bord i motorbåten min, og på høyllys dag gjekk eg med sendarar, maskinpistolar o. l. og tre «agentar» over til Bjoa, der dei to trygt vart innstallerte hjå Nils Rishammer, ein for til Stavanger.

Tilsynelatande gjekk alt bra, men fjorten dagar etterpå, rett før den første konfirmasjonen vart eg teken av gestapo. Då visste dei at to mann var komne her. Det var i alt ni gestapistar, nemlig sjefen sjølv frå Bergen, dr. jur. Wimann, og sjefen for antispionasjen på Vestland, Willy Kesting, ei brutal kjempe, tolken Gärtner, og seks til. Dei tre forstnemnde er seinare dømde til døden.

Det vart straks husundersøking, og deretter om bord i gestapo-skøyta harde forhør, og som eg var budd på med bruk av tortur. Den metode dei først nytta var å henga meg opp etter armane i handjarn, armane vridd bak på ryggen. I denne stilling vert ein så å sei makteslaus, og det var forferdelege pinsler når dei rykte i tauget som eg hang etter. Eg måtte tenkja på krossfesting, det same har også andre sagt, som var ute for det same. Det vart svært levande for meg kva Kristus leid på krossen.

Men det som var formålet deira – å få vita kvar dei to «engelskmennene» var, gjekk eg inn for med heile min styrke å løyna for dei. Eg hadde heldigvis tenkt ut ei truverdig forteljing på forhånd, og nytta den taktikk å lata dei langsamt pina dette ut av eg. Tilslut bad eg om å få teikna eit kart, og då fekk eg også koma ned.

Men då karane på forhånd visste – og ved listig framgang kunne kontrollera – at eg ville føre dei attom lyset, var dei temmlig skeptiske. Etter å ha gjeve ei fyrebels forklaring ute ved Romsa – eg fekk koma på dekk ein tur for å verta avkjølt – gjekk heile laget til køys – Tidleg neste morgon bar det til Breivik – dei ville kontrollera mine forklaringar ved hjelp av eit vitne. Denne vart snart heimjaga, og dei for laus på meg igjen. Atter opphengt, denne gong i ei metalwire i riggen, og då berre ropte og skreik eg at

eg ikkje kunne fortelja det som eg ikkje visste. Deretter vart landskapet ute ved Ølfertang nøye undersøkt med sterkaste varsemde. Deretter vart det på grunn av ein detalj i mi forklåring teke ein tur inn til Holmedal – alltid negativt resultat for dei, medan eg berre var glad for kvar time som gjekk, da eg venta at dei verkelege spionane måtte får koma seg langt vekk.

Etter nattevaking, slag i hovud og bryst, dolkestikk i låret, skrik og trugsmål om å brenna kyrkje og prestegard «genau wie in Tel-avåg», gjekk turen attende til Fjellberg, for å ta kona og mor mi i forhør.

Under dette harde press fekk eg ein god tanke, og sa meg viljug til å fortelja alt – men den forklåring eg då gav, enda med ein krigslist, om at alle tre var reist «nach Stavanger», med bilen.

Til den største lettelse for meg ropte alle mann: «Jetzt hat er die Wahrheit gesagt». Eg slapp unna meir tortur, og fekk kaffi til kvelds. Men ei veka etterpå tok dei harde forhør til igjen, denne gong i gestapo-huset «Veiten» i Bergen, der eg var i ei skikkelig selle.

Derfrå vart eg ein morgon kl. 5 henta ut – «du weisst jo wohin!» Det vart å få lenkene på – og eg vart skysst om bord i «Stavanger I» ilag med Kesting og fleire tyske. I Stavanger vart nye harde forhør, og her visste dei på ein eller annan måte allting. Eg låg der på golvet i ei mørkesella i gestapo-huset ei heil veka, og tok no til å verta sliten. Det var verst når ein vakna om morgonen til dette forferdelege liv. Ein kunne mest av alt ot-

tast for å missa vetet. Men ut på ettermiddagen var ein nærmast innlevt i det, og til kvelds var det å leggja seg trøyt og sliten ned på det harde golvet utan sengeklæde eller anna hovudpute enn mine eigne sko.

Det viste seg at dei hadde teke andre fangar i den same militærorganisasjon, og dei fekk her alle opplysningar. Trøyt av dette livet, skreiv eg difor under på alt, då det ikkje kunne nytta å nekte.

Ein kveld vart det sagt til med – Sie haben gelogen, herr Pastor, sie werden moren am funf Uhr geschossen werden. Eg var då i en slik sinnstilstand at eg ikkje tok meg nær av nokon ting, og somna likvel blidelig inn. – Da radioen stod på, kunne eg på ein måte få nokre opplysningar om krigen, sjølv der. Sunndag fekk eg til og med gudsteneste i radio. – Frå dette fangeholet gjekk det opp i fengsel, som var ein interessant avspenning, men kameratar og aviser, endelig fekk eg koma ut i frisk luft i luftegarden. Eg kom i eit ubeskriveleg godt humør, men herfrå bar det 11. oktober til Grini, og etter ein halv time i gangen der, vart med kjøyrde ned til Møllergata no. 19 og innesperra på ein pen og rein ein-sella. Her fekk eg då læra å kjenne kva tysk politifengsel – utan brev, eller lesestoff, utan arbeid eller frisk luft er for ei påkjenning.

Her kunne me likvel fylgja med litt, da me stundom hørde radio ute på torvet, frå vindaugo. Også her viste det seg at tyskarane var sers arge på oss prestar. Men frå vindaugo her kunne eg 7. mai høyra Quisling sine ord at han «trekte seg attende», og eg ropte

då av all mi kraft ut gjennom fengselsgarden: «Leve kongen».

Til stor forundring trefte eg no att ein av dei unge agentane frå England, Erling Lunde får Os, både han og mor hans sat i Møllergata 19, likeeins lærar Erik Bjørnson frå Bjoa, medan Nils Rishavnen sat på Grini. Det hadde nemlig gått gale på Bjoa to månader etter eg var teken. Eit våpenlager vart funne, fire fangar vart tekne, seks rømde til England. Men det kunne ha gått langt verre.

Så kom me då heim, dødsens trøyt og sliten som eg då var, måtte eg likvel ta over den fulle og helie tenesta i prestegjeldet, med di den gilde hjelpepresten, Steinhovden, som hadde vore her som «vikar» no laut ta over ein annan stad.

Eg vart då – liksom andre fangar – boren på gullstol i Ølen den 17de mai.

I Oslo vart det også ein svært jubel i dei fine maidagane, me fangar vart køyrde i Raude-krossbilar, først til Grini, eit par dager seinare ned derifrå. Eg venta i Oslo til kronprinsen kom heim 13 mai. – Eg vitna ikkje imot gestapistane, men etter Kesting hadde fått dødsdom, var eg oppe hjå han, og tala mildt med han. Tårerene dryppa får auga hans. Eg fortalde ogso om at eg hadde tenkt på Kristus på krossen – Eg fekk seinare helsing frå han, også frå den stund då han vart skoten, at han døydde som ein truande kristen.

*Nedskreve etter oppmoding  
fra prostsen.*

# Bruddstykker om bøker i Fjelberg i gamle dager

Denne lille teksten er ikke så mye om hva folk i Fjelberg i gamle dager leste som de vitnemål vi har om det som ble gjort for å øke leselysten og bokkunnskapene deres.

## Skolehat i Fjelberg

På 1700-tallet, og da spesielt under den perioden som kalles for pietismen, ble det vektlagt fra statlig hold at allmuen burde kunne lese for å tilegne seg Den hellige skrift på egenhånd. I denne ånd var det at allmu- eskoleloven av 1739 ble vedtatt, en lov som la grunnlaget for organiseringen av skolene på landet.

Men det var ikke alltid lett å få bøndene interesserte i skolen og påfølgende boklig lærdom. Dette ser vi blant annet av korrespondansen mellom biskop Erik Pont-oppidan i Bergen og stiftamtmann Ulrik Frederik de Cicignon, som den 30. august 1752 diskuterer Fjelbergallmuens forhold til skolen. Det viser

seg nemlig at det under en prostevisitas avholdt den 16. juni samme år trådte frem en bonde ved navn Knud Terckelsen Svalland som klart og tydelig ga uttrykk for at «hand og hands Naboer verken ville vide af nogen Skole eller betale til nogen Skolemester». Naturlig nok ble Svalland idømt mulkt for oppførselen sin.

Også senere samme år, i desember, var det problemer i Fjelberg. Men nå er det sogneprest Dithmar Kahrs Pontoppidan korresponderer med. Selv om Kahrs har gjort mye for å forbedre skolevesenet i Fjelberg, klager han stadig over allmuens bestandige «Modstand og Vegerlighed».

Gina Dahl



Den 30. august 1752 korresponderte biskop Erik Pontoppidan i Bergen og stiftamtmann Ulrik Frederik de Cicignon om holdningene til skolen i Fjelberg. De var tydeligvis ganske så dårlige. Under en prostevisitas avholdt 16. juni samme år, trådte visstnok bonden Knud Terckelsen Svalland frem og ga klart uttrykk for at «hand og hands Naboer verken ville vide af nogen Skole eller betale til nogen Skolemester». Kilde: Statsarkivet i Bergen.

Bokskap som i sin tid huset bøkene til Sogne Bibliothek for Fjelbergs Prestegjæld. Funderet den 26de Juni 1828. Skapet er i dag på Sunnhordland museum

# Framleis prestegard

Urolege, jublande, sørgjande og undrande har dei funne vegen til Fjelberg prestegard. Dei fleste har komme med eigen båt, roande. For å melda barnet til dåp, ta ut lysing til ekteskap, betala skuleskatten eller bli vaksinert. Dei dagane er forbi. No ligg Fjelberg prestegard og fortel om svunne tider. Om vegger og golv i kyrkja og prestegarden kunne fortelja kva dei har sett og høyr, ville me nok både ha gråte og ledd.

Men me er i 2018. Og me er preste-folk på Fjelberg. Heldigvis får me bu i vår eigen heim tilpassa vår familie og vår tid. Men av og til flyttar me inn på Fjelberg. Og då er det ei glede å opna «heimen» til kyrkjekaffi. Sondag 24.juni var ein slik dag. Me budde i prestegarden denne helga, og hadde trivelege besøk ved grua i kjøkenet. Og søndag var borda i almuestova dekkja og i storstova venta kakene. Tredve gjester fann vegen til stovene.

Men først var det gudsteneste. Og nettopp kombinasjonen gudsteneste og kyrkjekaffi gir den heilskapen staden fortener. For framleis kan klokkene i Fjelberg kyrkje kalla til gudsteneste. Og framleis skal folk kunne komma til prestegarden, som er så godt vedlikehalden, og oppleve bygningen både som kulturhistorie og som eit hus i bruk.

Leif Inge Heimvik deltok med song både under gudstenesta og kyrkjekaffien. Marit Lindekleiv akkompagnerte. Til kyrkjekaffien fekk me servert ei romantisk ballade av Jim Reeves i tillegg til «Min tanke er fri.»

*Marit Elisebet og  
Jan Ove Høines Totland*



*Forfatter Marit Elisebet Totland (22.–24.juni).  
På kjøkkenet skriver hun sin tredje roman.*

# Kirkekaffe i Fjelberg Prestegard



Marit E. H. Totland  
med maleriutstilling



Prestekonen hadde bakt  
hjemmelagete kaker



Sogneprest Jan Ove Totland  
ønsket velkommen



# Forfattersamling



Bygdebokforfattere samlet på Fjelberg.  
Fra venstre Kenneth Bratland, Gaute Losnegård, Arvid Skogseth, Frode Fyllingsnes og Halvor Skurtveit



**TRONDS**  
MARINE SERVICE

**Arbeidsmøte**



**Tronds Marine Service AS**  
tilbyr ei rekkje tenester til  
den maritime sektor, som  
til dømes:

- Tungløft
- Transport
- Tauing
- Lekter operasjoner
- Ballast operasjoner
- Ingeniør assistanse
- Prosjektleding
- Assistanse ved sjøsikring
- Berging



## Avisen Kvinnheringen Filmprosjektet «Adventskalender»

Kvinnheringen er ein trufast brukar av den flottaste Prestegarden på heile Vestlandet, kanskje i heile landet.

Til vanleg pleier vi å ha seminar og julesamling på prestegarden. I år laga avisa den første tv-produksjonen vi har laga på Fjelberg. Totalt 14 personar frå Kvinnheringen var der ei helg for å spela inn årets adventskalender hos Kvinnheringen, Kamp Kvinnherad.

I to døgn til endes var det i tillegg ti deltakarar med som var hovudpersonane i serien.

Som alltid er vi strålende nøgde med opphaldet på prestegarden.

*Tomas Bruvik*

KVINNHERINGEN Onsdag 28. november 2018 ANNONSAR 25

### ÅRETS ADVENTSKALENDER

1.-24. DESEMBER PÅ KVINNHERINGEN.NO

**KAMP KVINNHERAD**

Er du lei av å sjå reality-tv med ukjende og fjerne deltakarar? Då kan du gle deg til årets julekalender og den første lokale reality-serien med berre lokale heltar frå Kvinnherad!

**10 KVINNHERINGAR. FEM KVINNER OG FEM MENN.**

Det ti som deltek i den haggdelege kampen kjem frå Ølve, Lafallsstrand, Rosendal, Matre, Uskedalen, Husnes, Sunde, Valen og Halsnøy. Innspelingsa har funne stad på vakre Fjelberg.

Frå 1. desember og i totalt 24 episodar får du sjå utvarene brugs seg i større og mindre øvingar, både individuelt og i lag. Fram til og med julfest blir vi nærare kjende med dei 10 sporty deltakarane, og til slutt blir ein av dei kåra som vinnaren av den aller første Kamp Kvinnherad! Benk deg framfor skjermen – dette må du få med deg! Serien ser du på [www.kvinnheringen.no](http://www.kvinnheringen.no)

Abonner du på Kvinnheringen (på papir eller nett) er kalenderen gratis å sjå. Har du ikkje registrert deg som brukar på internett, kan du gjere det på [kvinnheringen.no](http://kvinnheringen.no).

BERGHANSEN ENERGI  
Breiband butikken  
SPAR EUROSPAR Kvinnheringen

Vinnaren av Kamp Kvinnherad 2018 blei Siren Simonnes frå Uskedalen.

## Restaurering Hovedhuset

- Knekket sperr
- Lekkasje i hellertaket tettet
- Nye hanebjelker



Montering nytt sperr  
(merk rød sirkel på bilde).  
Tømmer Sigvald Sjo med  
tømmerlærling Benjamin Holm.



Nye hanebjelker montert.  
Gammelt/brokket sperr og det nye.

Gammelt sperr.  
Råteskader i gavl.



## Ny tilkomst til loftet

Ferdig ultimo februar 2018



*Ny dør sett fra Atelier-*



*sett fra loftet*

### Nye søyler bearbejdet og montert med anslag mot tømmervegg i 1. etasje




*Søylene bearbejdes med lauvkniv*



*Søylene montert 2. etasje.*

## 1. byggetrinn februar 2018




3D



Nye dragere heises på plass inn gavlvinduet. Sett fra vindu.


Plan for deling av tiltaket i to byggetrinn



Snitt B



Snitt B



To tverrgående dragere hviler på nye søyler, som «vippepunkt». Disse dragerne avlaster nye langsgående dragere (boltet sammen med de gamle dragerne), som igjen bærer sperrene.



## 2. byggetrinn oktober 2018



Midlertidig anslag for limtrebjelker, som ble heist inn gjennom gavlvinduet (se også forsiden og s.26)



Langsgående limtrebjelke mot vest  
(lengde: 6,5 m, bredde: 9 cm, høyde 40 cm),  
boltet sammen med gammel bærebjelke for sperr.  
Nye tversgående dragere/hanebeter  
i tillegg til de gamle.



Langsgående limtrebjelke mot øst.

## Oppdaget tidlig høst 2018



*Takpannene på pultarken skiftes og lekter/lister/papp lappes.  
Full omlegging planlagt våren 2019*



*Lekkasjen i taket og langs pipen sees  
godt på loftet (18. sept. 2018)*



Bak stiftelsen Fjelberg Prestegard står:  
FORENINGEN TIL NORSKE FORTIDSMINNESMERKERS BEVARING • FJELBERG BYGDALAG  
KVINNHERRAD KOMMUNE • HORDALAND FYLKESKOMMUNE